



Olav Hjetland Bringedal (30) går i disse dagar inn i stilling som salgskonsulent for sau i Felleskjøpet. Han driv saman med sambuar Ragnhild Tennebekk Bjørke eit avansert bruk for saueproduksjon med datastyrt foring på Myklebust i Uskedalen der dei har 220 vinterfora sauer.

Olav er frå Uskedalen og har agronomutdanning og stuediekompetanse frå Voss jordbruksskule. Han har vore bonde sidan 2006 då han tok over garden. Då investerte han i ny og moderne driftsbygning som har hatt mange på vitjing.

For stutt tid sidan var den nye landbruksministeren på vitjing hos den framgangsrike og kreative bonden, og dei fann i høgste grad tonen saman.

Han gleder seg veldig til å starta i Felleskjøpet. Olav trives godt i prosjektarbeid og satsar på å finna gode fjøsløysningar både i nybygg og ombyggingar. Olav legg stor vekt på å vera oppdatert fagleg slik at han får dei beste resultatata.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen